



## Referat frå kommunemøte torsdag 10. desember

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Fylkesmannen, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

**Ikkje til stades:** Fitjar, Masfjorden, Modalen, Samnanger og Voss

### 1. Situasjonsbilete

Den overordna vurderinga som Helsedirektoratet har av pandemisituasjonen, er at smittespreiinga i landet er på veg ned, men med lokale variasjonar. Direktoratet seier at dette kan vere ein begynnande effekt av dei nye tiltaka frå slutten av oktober og starten av november. Situasjonen er likevel ustabil med fare for ny auke.

### 2. Møte i jula

Siste ordinære kommunemøte før jul vert neste torsdag (17. desember). Vi vil i utgangspunktet ikkje gjennomføre kommunemøte i veke 52 og 53. Første møte i 2021 vil bli gjennomført torsdag 7. januar. Ved behov vil vi kalle inn til møte på kort varsel.

### 3. Rapportering

Måndag denne veka sendte vi ut tilgang til rapporteringsskjema for den nye faste vekerapporteringa, som vi informerte om på møtet førre veke. Vi ser at fleire kommunar allereie har rapportert i skjemaet, noko som er veldig bra. Fleire kommunar har bedt om at vi skal gi andre personar i organisasjonen tilgang til skjemaet (i tillegg til beredskapskontaktane som fekk tilgang i første omgang), og dette ordnar vi fortløpande.

Vi minner om fristen for rapportering som er kl. 12.00 i morgon (fredag). Det er viktig at vi får inn rapport frå alle kommunane, slik at vi får eit mest mogleg rett bilete av situasjonen i fylket.

Viss de har spørsmål om rapporteringa er det berre å ta kontakt med Mari Severinsen på e-post [mari.severinsen@fylkesmannen.no](mailto:mari.severinsen@fylkesmannen.no).

Det vil ikkje vere krav om rapportering i veke 52 og 53. Det vil seie at siste rapportering før jul er neste veke (veke 51) og første rapportering i 2021 vil vere i veke 1. Vi ber om at de sender inn rapport til [fmvlberedskap@fylkesmannen.no](mailto:fmvlberedskap@fylkesmannen.no) viss det i jule- eller nyttårshelga skulle oppstå mangelsituasjonar (avviksrapportering).

### 4. Frå Fylkesmannen til Statsforvaltaren - oppdatering av nettstadar frå 1. januar 2021

Fylkesmannen blir Statsforvaltaren frå nyttår. I samband med det vil nettsidene våre få ny adresse frå 1. januar. Vi ønskjer å gjere merksam på behov for oppdatering i kommunane, som endringane vil føre til. Det gjeld:

- Viss kommunen på sine nettsider har lenka til artiklar eller informasjon hjå Fylkesmannen, må desse oppdaterast med ny adresse/sti.
- Omtale av Fylkesmannen i brevmalar og annan skriftleg informasjon, må endrast til Statsforvaltaren (t.d. brevmalar der FM er omtalt som klageinstans).



### 5. Arbeidstilsynet

Vi har tidlegare informert om oppdraget som Arbeidstilsynet har fått med å kontrollere smittevern i alle sine tilsyn, og slik supplere arbeidet med å førebygge koronasmitte som kommunane gjer.

Arbeidstilsynet er opptatt av å få til ei mest mogleg målretta tilsynsverksemd, dvs. i verksemdar med risiko for smittespreiing. Dei ønskjer informasjon frå kommunane om aktuelle verksemdar, men har så langt fått veldig få meldingar.

Her er lenkja til tipsstaden: [www.arbeidstilsynet.no/kontakt-oss/tips/](http://www.arbeidstilsynet.no/kontakt-oss/tips/)

Arbeidstilsynet vil delta på møtet neste torsdag og vil då gje nærare informasjon.

### 6. Smittesporingsøvingar

Vi har etter kvart øvd ein god del kommunar i smittesporingsarbeid, i sist veke i form av felles øving mellom Ulvik og Eidfjord. Kommunane har sagt at øvingane har vore nyttige og vi meiner at endå fleire bør seie ja til å øve. Vi held fram med tilbodet og ønskjer framleis dialog med kommunar som vil øve.

I tilbakemeldinga si seier Eidfjord kommune at dei som ein del av dei faste møta i smittesporingsteamet, vil halde fram med å øve for m.a. å verte trygge på å jobbe saman. Vi syns at det er ein veldig god idé, og vil prøve å lage eit forslag til eit scenario og øvingsopplegg som kommunane kan bruke til dette.

Vi vil kome tilbake til temaet øving på neste møte.

### 7. Oppfølging av skjenke-, sals- og serveringsløyve med tanke på smittevern v/Terje Gjertsen, leiar for kontor for skjenkesaker, Bergen kommune

I samband med covid-19 har kontoret for skjenkesaker fått ansvar med å følgje opp alle skjenke-, sals- og serveringsløyver med tanke på smittevern. I Bergen er det ca. 400 skjenkeløyve, ca. 200 salsløyve og eit stort tal serveringsløyve. Frå april til i dag er det gjennomført ca. 1500 kontrollar av skjenkestader og ca. 570 kontrollar av salsstader. Alle er kontrollert opp mot både alkoholova og smittevern (kontoret har eigne kontrollørar).

I mars stengte kontoret ned den ordinære kontrollaktiviteten og hadde ingen ordinær kontroll fram til april (men rettleia verksemdar som var opne). Etter den gradvise opninga av samfunnet i månadsskiftet mai/juni, vart kontrollverksemda utvida. Kontoret fekk tidleg ansvar for kontroll av smitteverntiltaka. Dei har følgd opp tips om brot på tiltaka. Tipsa har kome inn til kontoret sjølv eller via kommuneoverlegen.

Kontoret har hatt omfattande kontrollverksemd i år, og har ei måloppnåing på 148 %. Dei har utforma kontrollrutinar for arbeidet med kontroll av smitteverntiltak. Kontrollen er elektronisk, med kritiske punkt for smittevern;

- Er det gode nok tiltak på staden?
- Er det bordbestilling og bordservering på staden?
- Vert det halde god nok avstand?

Etter ei risikovurdering har kontoret prioritert tilsyn mot dei store stadane med størst potensial for kødanning. Dette har gjort at enkelte stader har fått dubla tal kontrollar. Det har vore godt samarbeid med politiet og dei får rapportering på utfordringar politiet ikkje løyser sjølv.



Kontoret har i tillegg drevet omfattande rettleiing overfor verksemdar og har fått fleire spørsmål om gjeldande praksis frå andre kommunar. I gjennomføringa av kontrollen har det vore utfordrande å halde på smittevernet. Det er ein risiko for at eigne kontrollørar kan bli smitta under eit tilsyn, og potensielt ta smitte med seg til mange verksemdar.

Erfaringa frå tilsyna er at det i hovudsak har vore brot på krav om avstand og bordbestilling. I seinare tid har dei vanlegaste brota vore at stenge- og skjenketidene ikkje har vorte følgde. Det har vore frustrerande med stadige endringar av smittevernreglar og manglande rettleiing. Avvika vert løyst ved rettleiing på staden. Kontoret har ikkje fatta stengevedtak, men har heimel til det. Det har vore lite konflikt med bransjen. Inntrykket er at bransjen har vore flink til setje i verk smitteverntiltak, og er opptekne av å ikkje spreie smitte.

### 8. Koronavaksinasjon

#### Krav om ferdigstilling av vaksinasjonsplanar for covid-19

Regjeringa har bestemt at vaksinasjon mot covid-19 skal organiserast som ein del av det nasjonale vaksinasjonsprogrammet. Dette inneber at kommunane har ansvar for å tilby vaksinasjon til alle som bur eller mellombels oppheld seg i kommunen.

Kommunane har etter smittevernlova § 7-1 ansvar for å ha planar for å førebygge smittsame sjukdomar, og etter § 7-2 skal kommunelegen lage forslag til plan. For å sikre at det førebuande arbeidet er klart før vaksinane kjem, har helse- og omsorgsministeren og kommunal- og moderniseringsministeren i dag sendt ut brev til alle kommunane. Der ber dei kommunane ferdigstille ein plan for organiseringa av vaksinasjon mot covid-19 innan **18. desember**. Innan same dato skal kommunane sende planen til Fylkesmannen.

**Vi ber difor om at de innan 18. desember kl. 12.00 sender plan for vaksinasjon mot covid-19 til [fmvlberedskap@fylkesmannen.no](mailto:fmvlberedskap@fylkesmannen.no).**

#### Vaksinasjonsrettleiar

FHI publiserte denne veka koronavaksinasjonsrettleiaren på sin nettstad. Rettleiaren er delt i tre:

- Ein generell del som omtalar lovgrunnlag, ansvarsforhold og rollefordeling
- Ein del som omtalar vaksinasjon i kommunane
- Ein del om vaksinasjon i spesialisthelsetenesta

Rettleiaren er dynamisk og vil oppdaterast laupande med ny informasjon. Vaksinane som ligg an til godkjenning er ulike. Den som ser ut til å komme først, har størst krav til logistikk. Vi ber dykk følgje med på denne rettleiaren.

Rettleiaren finn de på FHI sine side for koronavaksinasjonsprogrammet:

<https://www.fhi.no/sv/vaksine/koronavaksinasjonsprogrammet/>

Vi har fått spørsmål om korleis kommunane skal kalle inn personar som skal vaksinerast. Koronavaksinasjonsrettleiaren som har eit eige punkt som heiter "**Innkalling av personar til vaksinasjon**". Her er det forslag til måtar innkallinga kan gjerast på. Kommunane har ulike system og organiseringar, slik at detaljane må utformast på bakgrunn av lokale forhold. Kommunane har erfaring og kompetanse med vaksinasjon i stor skala frå tidlegare, og startar såleis ikkje på null.

På grunn av knappe tidsmarginar og prioritering av personar til vaksine, må de i god tid ha klart kven som skal vaksinerast til kva tid. Vi har ingen vaksiner å miste og haldbarheita i kjøleskap er kort.



FHI har lage ein tiltaksplan for kommunane med oversikt over deira og FHI sitt ansvar og oppgåver. Denne finn de i koronavaksinasjonsprogrammet:

<https://www.fhi.no/nettpub/koronavaksinasjonsveilederen-for-kommuner-og-helseforetak/koronavaksinasjon-i-kommunene/tiltaksplan-for-koronavaksinasjon-i-kommunene/>

### Utsending av utstyr for vaksiner

Helsedirektoratet vil starte med utsending av vaksineutstyr 15. desember. Utstyret vil bli levert til éi adresse i kvar kommune, basert på den informasjonen som kommunane har rapportert inn. Kontaktpersonen som kommunen har oppgitt vil bli varsla før utstyret blir levert og når leveransen er framme.

Meir informasjon om dette går fram av brev vidaresendt frå oss i dag. Brevet ligg ved referatet.

### SYSVAK-nett

På måndag 7. desember vart SYSVAK-nett lansert. Dette er ei web-basert løysing for dei som ikkje har integrert SYSVAK-modul i sitt EPJ-system. Bakrunnen er ei nyleg forskriftsendring. For å få tidsriktige data for vaksinasjonsstatus i SYSVAK, er det etter forskrifta plikt til elektronisk registrering av vaksiner mot covid-19 og nokre andre sjukdomar,

De finn meir informasjon om dette på fhi.no: <https://www.fhi.no/meldinger/sysvak-nett-lansert/>

### Webinar om covid-19 vaksinasjon

Torsdag 10. desember var det eit webinar om covid-19 vaksinasjon i regi av FHI og Helsedirektoratet.

Opptak av webinarret vert tilgjengeleg på nettstaden til Helsedirektoratet:

<https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/koronavirus/testing-isolasjon-smittesporing-og-karantene/ove-pa-tisk>

### Fastlegane si rolle i vaksinasjonen

Fastlegane vil ha ei sentral rolle i vaksinasjonen, spesielt med omsyn til å trekkje ut journalopplysingar for å finne risikopasientar som skal ha prioritet. Det har kome eit høyringsframlegg om forskriftsendringar frå HOD (frist 15. desember) som omtalar fastlegane si rolle i covid-19 vaksinasjonen. Her vert mellom anna økonomisk kompensasjon omtalt:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-forslag-til-endringer-i-forskrift-om-nasjonalt-vaksinasjonsprogram-vaksinasjon-mot-covid-19/id2791196/?expand=horingsbrev>.

### Dekking av kostnader

HOD meldte torsdag 10. desember at kommunane og helseføretaka vil få dekka utgifter til vaksinasjon mot covid-19: «*Staten vil dekke kommunenes og sykehusenes kostnader knyttet til koronavaksinasjon. I første omgang overføres 500 millioner kroner til kommunene og 35 millioner kroner til sykehusene.*

*Regjeringen foreslår å bevilge pengene til dekning av vaksinasjonsutgifter som rammeoverføring til kommuner og basisbevilgning til sykehusene. Dette vil framkomme i en proposisjon på nyåret. Midlene vil bli utbetalt raskt etter at proposisjonen er behandlet i Stortinget».*

De kan lese meir om dette på regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/kommunene-og-sykehusene-far-dekket->



[vaksinasjonskostnader/id2790937/?utm\\_source=www.regjeringen.no&utm\\_medium=epost&utm\\_campaign=nyhetsvarsel%2012/10/2020-8:20%20AM&utm\\_content=Koronasituasjonen](https://www.regjeringen.no/aktuelt/vaksinasjonskostnader/id2790937/?utm_source=www.regjeringen.no&utm_medium=epost&utm_campaign=nyhetsvarsel%2012/10/2020-8:20%20AM&utm_content=Koronasituasjonen)

### **9. Julefeiring for personar på institusjon og i omsorgsbustader**

Vi har fått spørsmål frå ein kommune om bebuarar kan nektast å reise ut av institusjonen for til dømes å besøke pårørande, og om det kan setjast krav om at dei går i karantene når dei kjem tilbake. I tilfelle der pårørande kjem frå raude område, eller viss det er ein uavklart smittesituasjon i kommunen, kan dette representere ein smitterisiko.

Vi minner om at bebuarar i kommunale institusjonar har rett til å få besøk, og at restriksjonar må grunnjevast i kravet om forsvarlege tenester for alle i institusjonen, der dette er strengt naudsynt. Kommunen kan ikkje utan vidare avgrense besøk i bufellesskap eller omsorgsbustader. Leiingar i institusjonar må syte for at bebuarane sin rett til medbestemming og sjølvbestemming blir tekne i vare så langt som mogleg, òg i ein situasjon med lokalt smitteutbrot.

Pasientar og bebuarar i institusjonar kan fritt bevege seg utandørs, òg utanfor institusjonsområdet, med mindre det er teke avgjerd om restriksjonar på utgang med tvang.

I dei tilfella bebuarar er på besøk heime hos pårørande, kan ikkje institusjonen bestemme at dei skal vere i karantene ved retur. Helsedirektoratet har gitt ei førebels juridisk avklaring, der dei seier at det ikkje er heimel for slik karantene. Det må i så fall baserast på frivilligheit. Samstundes er dette eit tema som framleis vert diskutert blant juristane i Helsedirektoratet. Det er difor viktig å presisere at dette ikkje er ei endeleg avgjerd.

Når det gjeld julebesøk og smitterisiko generelt, er det nasjonale tilrådingar om at personar som kjem frå område med mykje smitte skal vise aktsemd dei første 10 dagane etter at dei kjem heim, og dei skal halde 2 meters avstand til personar i risikogrupper.

### **10. Høve til støtte frå ordning med nasjonalt innsatspersonell til kommunar med akutt bemanningsbehov**

Helsedirektoratet har fått meldingar om at det er vanskeleg å rekruttere personell frå [www.nasjonalthelsepersonell.no](http://www.nasjonalthelsepersonell.no). Direktoratet har difor identifisert personell frå registeret som omgåande er tilgjengeleg for kommunar med akutt personellbehov. Det skal derfor vere mogleg for kommunar å be om personellstøtte.

Innsatspersonellet er intervjuet av eit bemanningsbyrå, og har gjennomført teoretisk opplæring i testing, smittesporing og bruk av smittevernustyr. Førespurnad om tilgang til innsatspersonell skal rettast til Fylkesmannen.

Viss det vert gitt personellstøtte frå ordninga, vert kommunen sjølv arbeidsgivar og må dekke kostnader til løn, opphald og reise.

#### Kva må kommunen gjere først?

Kommunen bør i første omgang prøve å løyse personellsituasjonen lokalt, ved t.d. å endre deltids- til heiltidsstillingar, omdisponere personell, samarbeide med nærliggande kommunar eller få støtte frå NAV til å rekruttere personell.



Helsedirektoratet minner òg om at det gjennom medhjelparregelverket er mogleg å nytte ikkje- autorisert personell, eller personell som er autorisert innanfor andre fagretningar, til TISK-oppgåver. Frivillige organisasjonar er eit døme på medhjelparar. Direktoratet oppmodar kommunane om å lage samarbeidsavtalar med frivillige organisasjonar, slik at dei kan nyttast ved akutt behov.

### Kompetanseheving

Helsedirektoratet arbeider òg med å få utvikla eit e-læringskurs i smittesporing for ordinært personell i kommunen. Kurset er ferdig utvikla i midten av desember, og [vert gjort tilgjengeleg på Kompetansebroen.no](#).

Ei standardisert opplæring i smittesporing kan vere ei hjelp i rekrutteringa av nytt personell, og bidra til ei felles forståing av kva som vert kravd av ein smittesporar. Etter å ha fullført e- læringskurset og kunnskapstesten, skal aktuelt personell kunne gjennomføre smittesporing i tråd med nasjonale tilrådingar og etablerte protokollar. Det vil likevel vere nødvendig med ei lokal opplæring.

Vi gjer merksam på at det er tilgjengeleg mange andre opplæringsressursar på [koronarettleiaren til Helsedirektoratet](#).

### **11. Downs syndrom og covid-19**

Vaksne menneske med Down Syndrom har (4 x) auka risiko for alvorleg covid-19 forlaup og (10 x) auka risiko for død ved sjukehusinnlegging. T21 Research Society, som er eit internasjonalt forskingsnettverk for Downs syndrom, har laga ei nettside med covid-19 informasjon som oppdaterast kontinuerleg basert på vitenskaplege studiar. Dette er informasjon som ville kunne vere nyttig for personar som arbeider med, eller er pårørande til menneske med Down syndrom.

Nettsida finn de her: <https://www.t21rs.org/results-from-covid-19-and-down-syndrome-survey/>

Vi legg ved eige brev som omtalar dette nærmare.

### **12. Tilskot til kommunane - kompensasjon til næringsdrivande fastlegar ved sjukefråvær knytt til koronavirus**

Per 10. desember er den samla søknadssummen større enn belastningsfullmakta på kr 8 992 000. Vi har bedt om tilleggsfullmakt, men er usikre om på vi vil få dette.

### **13. Kontaktpunkt i helseføretaka ved smittesporing inn mot helseføretaka**

Vi har fått førespurnad frå ein kommuneoverlege som opplevde at det gjeldande systemet for varsling av og smittesporing inn mot helseføretaka ikkje har fungert optimalt. Det blei mellom anna trekt fram at det er veldig uheldig når informasjonen ikkje kjem fram til rett punkt i helseføretaket, slik at avbøtande tiltak raskt kan bli innført ved behov.

Vi har etter dette hatt ein runde med alle helseføretaka, der vi informerte om den innmeldte utfordringa og ba om ei tilbakemelding på kva system det er i dei ulike helseføretaka.

Under følgjer kontaktinformasjon til dei ulike helseføretaka. Kommunelege/smittesporar kan nytte den for å informere om positiv prøve hjå pasientar som har vore innlagt eller er til poliklinisk time.

**Helse Fonna:**



## Fylkesmannen i Vestland

- Kommunane tek kontakt med sentralbordet 52 73 90 00.
  - I kontortid kvardagar opprettar sentralbordet kontakt med bedriftshelsetenesta.
  - Andre tidspunkt blir telefon overført direkte til beredskapsansvarleg.

### Helse Førde

- Leiar ved smittevernseksjonen Kari Furevik. Mobil 970 95 244 eller tlf. 57 83 90 00

### Helse Bergen:

- På dagtid og innanfor vaktperiodar i helg/heilagdag (09-14) set sentralbordet (55 97 50 00) telefonen vidare til smittevernpersonell i sjukehuset.
- På ettermiddag/kveld og utanfor smittevern sine vaktperiodar i helg/heilagdag (09-14) set sentralbordet (55 97 50 00) telefonen vidare til bakvakt i avdelinga/klinikken der pasienten var innlagt eller hadde time slik at smittesporing kan begynne.

### Haraldsplass:

- Vakttelefon smittevern: 948 67 984 (måndag-fredag 08-15, søndag 10-12).
- Utanom opningstid: Smittevernlege Fredrik Grøvan 957 39 056.

### 14. Smittevernutstyr

Estimert forbruk av munnbind har vore stabilt siste vekene. Det er auke i lagerbeholdninga av forskjellig utstyr på landsbasis. Helsedirektoratet opplyser at dei i tillegg til andedrettsvern og hovudbeskyttelse, vil sende ut ei ekstrarforsyning i form av 5 millionar munnbind.